



HØGSKULEN I VOLDA
Volda University College

Nyhendebrev nr. 16, 4. mai 2023

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



Eivor Finset Spilling disputerer 5. mai

[Høgskulelektor Eivor Finset Spilling](#), AHL/norsk, disputerer ved Universitetet i Stavanger 5. mai. Spilling har følgd doktorgradsprogrammet til Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning. Tittelen på avhandlinga er (på norsk): [Skrijving med hand eller tastatur for førsteklassingar: Kva er best for skrivetrening og læring?](#)

LES MEIR



Bygdepride 6.-13. mai

Til helga er det igjen duka for Bygdepride i Volda og Ørsta. Høgskulen i Volda er som kvart år før ein av samarbeidspartane til festivalen, og i år samarbeider festivalen også med Dokfilmfestivalen. Les meir om festivalen på nettsidene våre og på [nettsidene til Bygdepride](#).

LES MEIR

Dokfilm-festivalen startar i dag!



Den norske dokumentarfilm-festivalen i Volda byr på spanande filmar både frå studentar og profesjonelle, frå Noreg og frå utlandet, og både korte og lange dokumentarar. Laurdagen klokka 14.00 er det eit arrangement i samarbeid med Bygdepride i Samfunnshuset, som inkluderer filmar med skeive tema og eit panel om det å vera skeiv på bygda.

Det blir også musikalske innslag frå Sjándi under opningsseremonien, og på laurdag frå brenn. og GØY. På fredag blir det komikveld med stand-up. Og om ein blir svolten så kan ein kjøpe seg mat frå det syriske og det ukrainske kjøkenet i matboden.

[Les meir på nettsidene til festivalen.](#)

Studium og studentliv



DEN OM INTERNPRAKSIS



Steinar Høydal og student Vassli Hilanmo i NOKUT-podden

Student Lova Vassli Hilanmo og førstelektor Steinar Høydal, AMF, har bidrege i Nokutpodden, og der har dei snakka om internpraksis. Så derfor heiter episoden naturlegvis: ["Den om internpraksis"](#).

PPU-praksis i Linz, Austerrike

Italienske Teo Giubilato tek PPU ved Høgskulen i Volda og skal bli naturfaglærara. Og no har han hatt praksis i byen Linz i Austerrike. Ved Europagymnasium Auhof. [Les meir om Teo og praksisopphaldet på nettsidene våre.](#)

Søringen og sammen - Rokken 8. mai

Mannen bak TV 2-serien «Søringen og Sammen», Anders Kråkevik, held opa forelesing på Rokken 8. mai kl 19.30. Kråkevik vil vise eit par episoder frå serien og deretter blir det ein samtale om serien og prosessen, leia av en student frå Avdeling for mediefag. Arrangementet er gratis og blir [arrangert av POE-prosjektet \(Praksis, oppdrag, entreprenørskap\).](#)

EKSAMENSBOOST

8.-12. mai

PROGRAM

Måndag

13.00-17.00 #nullstressjoggedress
16.00-17.00 Eksamensyoga
16.30-17.30 Kortfilmvisning "Bygdehomo"
17.00-19.00: Mat og prat + is
07.00-24.00: Pauseaktivitetar

Tysdag

11.30 - 14.00: Rettleiingsskranken
13.00 - 17.00: #nullstressjoggedress
16.00 - 17.00: Reboot
07.00-24.00: Pauseaktivitetar

Onsdag

11.30-14.00: Rettleiingsskranken
13.00-17.00: #nullstressjoggedress
15.00-15.45: Finn fokus
16.00-17.00: Eksamensyoga
17.00-19.00: Mat og prat
07.00-24.00: Pauseaktivitetar

Torsdag

11.30-14.00: Rettleiingsskranken
13.00-17.00: #nullstressjoggedress
13.30-15.00: Beat Saber turnering
15.00-16.00: Webinar om ChatGPT
16.00-17.00: Tankeskiving
20.00-22.00: Studentkino
07.00-24.00: Pauseaktivitetar

Fredag

14.00-15.30: Sphero-race
07.00-24.00: Pauseaktivitetar

Eksamensboost 8.-12. mai

Eksamensboost er ei veke med aktivitetar som gir studentane eit avbrekk frå eksamenslesinga til å tenke på noko anna. Dei kan til dømes få seg eit måltid, slappe av med yoga eller mindfulness, delta på beat saber turnering eller sjå ein kino. Alt er heilt gratis! Har du behov for ein boost i motivasjonen eller kanskje å stresse ned eller ei god pause? [På programmet til EksamensBOOST](#) finn du garantert noko som kan hjelpe deg å få ei ekstra fin eksamenstid!

Kva skjer i Volda og Ørsta? Sjekk ut nettsida orstavolda.no

På nettsida orstavolda.no er det ein veldig brei og oppdatert [kalender med oversyn over arrangement i Volda og Ørsta innanfor kultur- og idrett](#). Ørsta Næringskontor er [ansvarleg for nettsida](#) som også tek i mot tips og informasjon om arrangement.

Menyen i kantina neste veke

Måndag : Chili sin carne

Tysdag : Fiskegrateng

Onsdag: Lasagne

Torsdag : Ball

Fredag : Taco

Styre og stell

Høgskulestyret hadde møte 4. mai

Høgskulestyret ved Høgskulen i Volda hadde styremøte i dag, torsdag 4. mai. Møtet blei arrangert på Hotel Union Øye, og vart av praktiske grunnar ikkje strøyma. Onsdag 3. mai vart det årlege styreseminaret arrangert på same stad, med deltaking frå styret, representantar for tilsette, studenttinget, dekanar og administrative leiarar, i alt ca. 35 personar. [Her er papira til styremøtet](#).

Handlingsplan for inkluderande læringsmiljø

Styret vedtok i møte den 16. juni 2022 «Handlingsplan for inkluderande læringsmiljø 2022-2025».

Denne finn du, saman med andre handlingsplanar til HVO, på denne sida:

<https://www.hivolda.no/om/styringsdokument>

Læringsmiljøutvalet (LMU) arbeider med oppfølging av planen, og vil minne om at den finst. Læringsmiljøet er også eit viktig satsingsområde i strategiplanen og handlingsplanen til Høgskulen i Volda, som du også finn [på same sida](#).

Idrettsbygget: Styrkeromet er stengt på dagtid fram til 17. juni

Idrettsbygget er no rigga for eksamen. Idrettshallen og styrkerommet er difor stengt frå kl 0700-1700 alle kvardagar fram til 17. juni.

Alle dekanane tok i mot tilbodet om stilling

Dei [tre som fekk tilbod om dekanstilling på Høgskulen i Volda](#) har teke i mot tilboda om stillinga. Dei tre er Silje Ims Lied (AHL), Jorunn Fure (ASH) og Jon Are Steen (AKF). Dei tek til 1. august 2023.

Høgskulestyret: 17 kandidatar frå tilsette: Valperiode 8.-15. mai

Tilsette ved Høgskulen i Volda skal velje tre faglege representantar og ein representant frå det teknisk/administrative personalet, og like mange vara. [Valet skjer 8. til 15. mai](#). Det er heile 17 kandidatar som er nominerte. Frå teknisk/administrativt personale er det nominert fire kvinner og ein mann. Frå dei fagleg tilsette er det nominert åtte menn og fire kvinner. Alle dei fire avdelingane er representerte blant dei fagleg nominerte. Valet vert gjennomført gjennom Nettskjema, og for faglege er det høve til å stemmet på tre personar. [I samsvar med valreglementet](#) vert stemmene vekta: «Første stemme skal vektast med 1, andre stemme med 0,8, tredje stemme med 0,6.» [Her er alle dei nominerte](#).

Fag og forskning

Forskringsrådet gav arrangementsstøtte til Forskringsdagane

Forskringsrådet har tildelt HVO kr 10.000 i støtte til arrangement under Forskringsdagane 2023. Høgskulen har fått støtte til eit arrangement med arbeidstittel: "Mat og energi".

Høgskulen støttar framlegg om nye akkrediteringskrav for universitet

Ei ekspertgruppe har kome med framlegg til nye krav for å bli akkreditert som universitet, og i hovudsak går krava ut på å tilnærme norske kriterier til internasjonale krav. Høgskulen i Volda har levert eit høyringssvar der ekspertgruppa sine vurderingar i hovudsak blir støtta, men skriv også at eigentleg burde det vere nok med ein akkreditert doktorgrad for å bli rekna som universitet. [Her er alle svara på høyringa, også svaret frå Høgskulen i Volda.](#)

Nytt fagleg nettverk: Utdanningshistorie

Historikarar skreiv historie då Utdanningshistorisk nettverk arrangerte sin første konferanse på Universitetet i Sørøst-Norge (USN). Høgskulen i Volda (HVO) var godt representert med fem deltakarar frå [forskningsgruppa i Utdanningshistorie](#). Les [meir på nettsidene våre](#).

Forskningsdagane 2023, og temaet er: Energi

På Høgskulen i Volda blir [Forskningsdagane 2023](#) arrangert i veke 38 og 39. Det nasjonale temaet for forskningsdagane er energi. [Forskningsrådgivar Ida Haug Theodorsen](#) er hovudansvarleg for forskningsdagane på Høgskulen i Volda og inviterer tilsette og studentar til å kome med framlegg til aktivitetar og arrangement. Og forskningsdagane startar som vanleg med utdeling av [FoU-prisen](#), og det skjer fredag 22. september.

Faglege arrangement - og fristar

Tilsette blir oppmoda til å legge ut informasjon om interne seminar og faglege arrangement på kalenderen på www.hivolda.no.

Nominer kandidatar til FoU-prisen innan 15. mai

Fram til 15. mai kan tilsette og studentar ved HVO nominere kandidatar til FOU-prisen for 2023. Prisen blir tildelt av høgskulestyret, og blir delt ut på Forskningsdagane 22. september 2023. Her er [informasjon om prisen, retningsliner for tildeling og tidlegare prisvinnarar](#). Dei som ønsker å nominere nokon klikkar på lenke til nettskjema som vart sendt ut i e-post frå rektor 22. mars.

Utlysing av professor/dosentstipend - søknadsfrist 20. juni 2023

Forskningsadministrasjonen har lyst ut professor-/dosentstipend med søknadsfrist 20. juni 2023. Stipendmottakarane blir valde ut på første møte i forskingsutvalet hausten 2023 etter innstilling frå ein kommisjon peika ut av rektor. Dei som søker om stipend må ta til med arbeidet 1. januar 2024. [Les meir om ordninga på nettsidene våre.](#)

Felles sommaravslutning i kantina 23. juni kl 12.00

Alle tilsette på HVO er inviterte til felles sommaravslutning i kantina fredag 23. juni kl 12.00. Det er også ei rekke andre markeringar av års- og semesterslutt på Høgskulen i Volda. Avdelingane har sine sommaravslutningar på desse datoane: AHL 14. juni, AKF 14. juni, ASH 16. juni, AMF 22. juni.

Læringsverkstaden: Utviklingsmidlar til studentaktive lærings- og vurderingsformer - løpande frist

Høgskulen i Volda ønsker å ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet, som det står i strategiplanen. Eitt tiltak for å nå dette målet er å tildele midlar til prosjekt innan studentaktive lærings- og vurderingsformer, og [Læringsverkstaden](#) inviterer tilsette på HVO til å sende søknader om midlar til prosjekt. Prosjekta kan maksimalt få kr 50.000, og søknadene vert handsama etter kvart som dei kjem inn. [Meir informasjon om utlysinga er i nyhende-brev frå Læringsverkstaden.](#)

Nytt om namn

Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på www.hivolda.no

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på www.hivolda.no. Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side.](#)

Dag Roland har fått opprykk til førstelektor

[Dag Roland](#), AMF, har fått opprykk til førstelektor i medieproduksjon.

Publisering og formidling

Send gjerne tips!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Hugs også å legge ved lenke til publiseringa

Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Volda nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)

Boklansering 8. mai: Jan Ove Ulstein: "Sosiologi, teologi og Helge Hognestads avhandling. Møte og konflikt på det lange 70-talet"

Cappelen Damm Akademisk og Høgskulen i Volda inviterer 8. mai til lanseringsseminar for boka [Sosiologi, teologi og Helge Hognestads avhandling. Møte og konflikt på det lange 70-talet](#), av Jan Ove Ulstein. Seminaret vil kaste lys over flere sider ved perioden, ved Hallgeir Elstad, Gyrid Gunnes, Helge Hognestad, Tor B. Jørgensen, Rune Slagstad og Pål Repstad.

Anemari Neple har redigert bok om Torborg Nedreaas

Førsteamanuensis Anemari Neple, AHL/ISL har saman med Kari Jegerstedt (UiB) og Per Arne Michelsen (HVL) redigert boka: ["Politikk, kunst og kjærlighet. Nye perspektiver på Torborg Nedreaas' forfatterskap"](#) som har kome ut på Scandinavian Academic Press (Spartacus). Boka spring ut av eit [seminar om Torborg Nedreaas sitt forfattarskap på HVO i 2019.](#)

Åsmund Svendsen: "Historikere og arkivarer – en kjærlighetshistorie"

Førsteamanuensis [Åsmund Svendsen](#), ASH/Historie, har skrive ein artikkel med tittelen ["Historikere og arkivarer – en kjærlighetshistorie"](#) i Norsk arkivforum. Dette er ein skriftserie som vert gitt ut av [Arkivarforeningen](#), som er ein fagleg interesseorganisasjon som verkar som eit fagorgan for arkivarar og andre i Arkivverket (Nasjonalarkivet), arkivinstitusjonar (som IKA-Møre og Romsdal) og i større forskningsbibliotek som til dømes Nasjonalbiblioteket.

Ralph Meier: "Meine lieben Norweger"

[Førsteamanuensis Ralph Meier](#), AHL/RLK, har fått publisert artikkelen «'Meine lieben Norweger'. [C.F.W. Walther und die Norwegische Synode 1857-1887.](#)» i det tyske teologiske tidsskriftet «Lutherische Theologie und Kirche». Artikkelen handlar om Den norske Synoden i Amerika på 1800-tallet og forholdet til den tyske Missouri-Synoden, og særleg leiaren C. F. W. Walther, som hadde stor innflytelse på dei norske leiande teologane i Den norske Synoden i denne tida.

Artikkelen har diverre ikkje open tilgang.

Teikneserie på nynorsk ved Arild Torvund Olsen: "Pepar & Gulrot"

På sjølvaste nynorskdagen 12. mai gjev Outland forlag ut [teikneserien Pepar & Gulrot](#) av David Revoy, omsett til nynorsk av Karl Ove Hufthammer og Arild Torvund Olsen på Nynorsksenteret. Gjennom korte forteljingar fylgjer me heksa Pepar og katten Gulrot i ei magisk verd der dei må handtera eliksirkonkurransar, snobbete rivalar, mislukka bursdagsfestar og ein kvardag med magiske vesen.

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

[Innhaldsprodusent/ kommunikasjonsrådgivar](#) - søknadsfrist 22.5.2023

[Stipendiatstillingar i helse- og sosialfag](#) - søknadsfrist 15.8.2023

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Faglege og sosiale arrangement og hendingar på og ved HVO:

Våren 2023:

3.-4.5.2023: Styreseminar og [møte i høgskulestyret](#)
4.-7.5.2023: [Den norske dokumentarfilm-festivalen](#)
5.5.2023: [Disputas Eivor Finset Spilling](#), Universitetet i Stavanger
17.5.2023: [Symfoniorkesteret, Nasjonal festkonsert](#), Volda kyrkje
25.-26.5.2023: [NOA - Nasjonal konferanse om norsk som andrespråk](#), HVO
31.5.2023: [Tekst og tanke](#), biblioteket
31.5.-1.6.2023: AMF Avdelingsseminar
8.5.2023: ["Søringen og samene"](#), (POE-arrangement), Rokken
15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)
20.-21.6.2022: [Fjordkonferansen](#), Loen
23.6.2023: Felles sommaravslutning for alle tilsette, BK Kantina

Hausten 2023:

1.8.2023: Ny fireårsperiode for styre, rektorat og 3 dekanar
15.8.2023: [Studiestart studieåret 2023-2024](#)
4.-9.9.2023: [Sunnmøre Kammermusikkfestival](#)
7.9.2023: [Høgskulestyret](#)
[Animation Volda](#)
26.-27.10.2023: [Høgskulestyret \(seminar og styremøte\)](#)
7.12.2023: [Høgskulestyret](#)

Våren 2024:

7.3.2024: Høgskulestyret
8.5.-9.5.2024: Høgskulestyret (styreseminar og styremøte)
30.6.2024: Høgskulestyret

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

4.5.2023: [Orientering til høgskulestyret](#)
17.4.2023: [Søker om midlar til lærar-master i Kristiansund](#)
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

KVA SKJER I VOLDA OG ØRSTA?

[Rokken](#)
[ØrstaVolda.no](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)
[Tiktok](#)
[Facebook](#)
[Instagram](#)
[Youtube](#)
[Finn-ein-forskar](#)
[HVO-blogger](#)
[Nynorsksenterets blogg](#)
[Fjordkonferansen](#)
[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget \(Berte Kanutte-huset\)](#)
[Offentleg journal \(postliste\)](#)
[Nye bøker i HVO-biblioteket](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)
[Studentradioen](#)
[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)
[Radio Volda](#)
[Nærsynet](#)
[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)
E-post: postmottak@hivolda.no
[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)
[Meld deg av e-postlista](#)

